

KOMMISJONSVEDTAK**2008/EØS/38/13**

av 28. januar 2005

om oppheving av vedtak 2003/363/EF om godkjenning av den planen som er lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område i Belgia(*)*[meldt under nummeret K(2005) 144]*

(2005/66/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾,
særleg artikkel 16 nr. 1, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I november 2002 vart det påvist klassisk svinepest hjå
viltlevande svin i Belgia.
- 2) Ved kommisjonsvedtak 2003/363/EF⁽²⁾ godkjende
Kommisjonen den planen som Belgia har lagt fram for
utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i
visse område i Belgia.
- 3) Belgia har lagt fram opplysningar som syner at klassisk
svinepest hjå viltlevande svin er utrydda i Belgia, og
at det ikkje lenger er naudsynt å nytte den godkjende
utryddingsplanen.

4) Vedtak 2003/363/EF bør difor opphevast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda
og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedtak 2003/363/EF vert oppheva.

Artikkel 2

Dette direktivet er retta til Kongeriket Belgia.

Utfærd i Brussel, 28. januar 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 27 av 29.1.2005, s. 54, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 138/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 4.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 2003.

⁽²⁾ TEU L 124 av 20.5.2003, s. 43.